



## Høyanger kommune Ordføraren

**Styreleiar i Helse Vest**

**AD Helse Vest**

**Styreleiar Helse Førde**

**AD Helse Førde**

### **FRAMTIDA TIL PSYKIATRISK KLINIKK AVD. TRONVIK**

Syner til uttale frå Sogn Regionråd (vedlagt).

Både Sogn Regionråd og Høyanger kommune fryktar for framtida til Helse Førde sin psykiatriske klinikk, avdeling Tronvik i Høyanger kommune.

Post 4 vart lagt ned i 2013, og talet på tilsette på Tronvik har gått ned frå nær 100 til om lag 60 dei siste 10 åra.

Helse Førde samlar all sin aktivitet innan psykiatri i Førde i løpet av første halvår 2021. Dette betyr flytting av den distrikpsykiatriske avdelinga (DPS) frå Tronvik til Førde. Då vil om lag halvparten av dei 60 tilsette vere med på flyttelasset.

Høyanger kommune si otte er at Tronvik etter flyttinga av DPS vert ein så «marginalisert» institusjon at også rusposten vert lagt ned / flytta. Med eit så stort nedtak av aktivitet vil det naturlegvis også «brenne eit blått lys» for ein del felles- og støttefunksjonar som er der i dag.

Dette vil ytterligare ta ned tal arbeidsplassar ved Tronvik.

Helse Førde etablerte ruspost på Nordfjordeid som ein del av innhaldet i eit nytt Nordfjord Sjukehus. Dette, saman med at Helse Førde samlar dei psykiatriske pasientane i Førde, er med å svekke grunnlaget for framtidig drift ved Tronvik.

Tronvik er ein viktig institusjon for Sogn Regionråd og Høyanger kommune. Det er framleis ein stor og viktig arbeidsplass i regionen og kommunen. Dei tilsette ved Tronvik har over tid jobba med å skaffe seg relevant etter- og vidareutdanning, og det vert arbeidd målretta for å rekruttere nøkkelpersonell til institusjonen.

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet. Dei tek imot pasientar frå Helse Vest og helse Bergen, som elles måtte ha kjøpt denne tenesta frå private aktørar på vestlandet.

Sogn Regionråd og Høyanger kommune meiner det ligg eit stort unytta potensiale i Tronvik som institusjon. «Campus» Tronvik ligg i rolege og naturskjonne omgjevnader, med tenlege bygningar som Helse Førde likevel må halde ved like etter pålegg frå nasjonale verne-styresmakter, gjer at det nærest må vere ein «vinn-vinn» situasjon å bygge opp ein auka kapasitet på rusbehandling på Tronvik.

**Sogn Regionråd og Høyanger kommune vil gjerne bidra til å sikre og vidareutvikle Tronvik. Det er mange gode argument for det!**

- Tronvik har eit særskilt godt omdøme som behandlingsinstitusjon
- Tronvik har tilgang på stabil og kompetent arbeidsstokk
- Tronvik ligg særskilt flott til med store og eigna areal iht bygningars og uteområde
- Tilgang på pasientar synest å vere aukande, både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan
- Tronvik ligg sentralt til ”midt på” Vestlandet, nær Førde og Bergen

Sogn Regionråd og Høyanger kommune krev at Helse Førde jobbar aktivt saman med Sogn Regionråd, Høyanger kommune, Helse Vest og Helse Bergen for å styrke og vidareutvikle Tronvik som behandlingsinstitusjon!

På bakgrunn av dette inviterer eg dei tilskrivne til synfaring og møte på Tronvik.

Min ambisjon er å få til eit treff før påske 2020. Tema må vere å syne fram institusjonen, og få fram potensialet som ligg på Tronvik, samt å drøfte kva planar vårt regionale / lokale helseføretak har for Tronvik i åra som kjem.

Eg ber om at De koordinerer dykk internt i helseføretaket, så skal eg tilpasse meg dykkar kalender og framlegg til møtedag / møtetid.

Håper eg ser dykk alle på Tronvik i løpet av våren!

Med vennleg helsing  
Høyanger kommune



Petter Sortland  
ordførar